



Justis- og
beredskapsdepartementet

Tildelingsbrev 2022 Samfunnet Jan Mayen – Cyberforsvaret

10. januar 2022

Innhald

1.	Innleiing.....	2
2.	Samfunnsoppdraget	3
3.	Utfordringar, moglegheiter og prioriteringar	4
4.	Mål og oppdrag for 2022.....	5
4.1.	Mål og resultatforventingar for 2022.....	5
5.	Styring og kontroll i Samfunnet Jan Mayen	8
6.	Fellesføringar og øvrige krav frå regjeringa.....	9
6.1.	Konsulentbruk i staten	9
7.	Styringsdialog og rapportering i 2022	10
7.1.	Styringsdialog 2022.....	10
7.2.	Rapportering 2022	10
8.	Budsjettramma og fullmakter for 2022	11
8.1.	Budsjettramma	11
8.2.	Delegering av fullmakter i samsvar med budsjettvedtaket til Stortinget.....	12
8.3.	Delegering av fullmakter i samsvar med løvingsreglementet til Stortinget	12
8.4.	Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr (§ 3 fjerde ledd 2. setning)	13
8.5.	Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret (§ 6 anna ledd)	13
8.6.	Særskilt om byggje- og leigekontraktar.....	14
8.7.	Fullmakt til å overskride investeringsløyvingar mot tilsvarande innsparing under driftsløyvingar under same budsjettkapittel (§ 11 fjerde ledd nr. 2)	14
8.8.	Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål mot tilsvarande innsparing i dei tre følgjande budsjettåra (§ 11 fjerde ledd nr. 3)	14
8.9.	Overføring av ubrukt driftsløyving frå eitt år til neste (§ 5)	15

1. Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet viser til Prop. 1 S (2021–2022) frå Justis- og beredskapsdepartementet (JD) og Budsjettinnst. S. nr. 7 (2021–2022).

Tildelingsbrevet er utforma på bakgrunn av det endelege budsjettvedtaket til Stortinget av 15. desember 2021 og presenterer dei økonomiske rammene for verksemda i 2022, jf. Økonomireglementet § 7 og Bestemmelser om økonomistyring i staten punkt 1.5.

JD har fastsett følgjande overordna sektormål for justis- og beredskapssektoren:

- Rettstryggleik
- Tryggleik i samfunnet
- Godt og tilgjengeleg lovverk
- Kontrollert og berekraftig innvandring
- Låg kriminalitet
- Godt forvalta polarområde

Vi viser til Prop. 1 S (2021–2022) for JD for nærare omtale av måla.

Tildelingsbrevet tar utgangspunkt i desse måla og hovedutfordringane som er særleg relevante for Samfunnet Jan Mayen.

Samfunnet Jan Mayen skal særleg bidra til å nå følgjande sektormål:

- Godt forvalta polarområde

Dei verksemdsmåla, styringsparametrane, resultatkrava og oppdraga som kjem fram i dette tildelingsbrevet, vil vere førande for departementet si oppfølging av Samfunnet Jan Mayen i 2022. Departementet understrekar at tildelingsbrevet ikkje er uttømmende for dei oppgåvene Samfunnet Jan Mayen skal utføre. Utover dei prioriteringane og krava som er omtalte i tildelingsbrevet, legg departementet til grunn at den løpande verksemda blir vidareført. Departementet gjer merksam på at Samfunnet Jan Mayen har eit sjølvstendig ansvar for å informere departementet om vesentlege risikoar og/eller avvik knytte til Samfunnet Jan Mayen sine oppgåver, og å fremme forslag om moglege korrigerande tiltak, jf. pkt. 2.3.2 i Bestemmelser om økonomistyring i staten.

Dersom det er motsetningar mellom tildelingsbrev og føringar som er gitt frå Forsvarsdepartementet til Cyberforsvaret generelt og frå Justis- og beredskapsdepartementet til Samfunnet Jan Mayen, ber vi om at det blir teke kontakt med departementa.

For øvrig viser vi til Reglement for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten (økonomireglementet), som setter rammar for bruk av statlige midlar. Dersom det er spørsmål om tolking av økonomireglementet, vil JD kunne gi rettleiing i tråd med vår generelle plikt til å rettleie.

2. Samfunnsoppdraget

Samfunnet Jan Mayen skal drifte bygg på Jan Mayen og følge opp kontraktar overfor eksterne aktørar på Jan Mayen.

Samfunnet Jan Mayen omfattar all felles infrastruktur på øya og personellet som driv denne. Samfunnet yter i dag tenester til Meteorologisk institutt, bakkestasjonane for EGNOS og Galileo, Telenor Maritim Radio og seismiske stasjonar. JD har avtalar med dei institusjonane som har ansvaret for desse tenestene. Avtalane omfattar bl.a. arbeidsoppgåver som skal utførast av personellet på øya, og dekning av fellesutgifter. Løyvinga skal dekke utgiftene til drifta av fellesfunksjonane på Jan Mayen.

Ansvarsfordelinga mellom JD og Forsvarsdepartementet følger av avtale mellom Forsvarsdepartementet og dåverande Fiskeri- og kystdepartementet (FKD) av 5. februar 2007. JD har trett inn i avtalen i FKD si rolle.

Cyberforsvaret vil ved behov måtte hjelpe JD med innspel når forskrifter og anna regelverk som gjeld Jan Mayen vert utarbeida. Cyberforsvaret må løpande orientere JD dersom Cyberforsvaret ser behov for regelverksendringar.

Statsforvaltaren i Nordland

Statsforvaltaren i Nordland er statsforvaltar for Jan Mayen. Statsforvaltaren inviterer Cyberforsvaret Samfunnet Jan Mayen årleg til eit møte i *Samarbeidsutval for miljø på Jan Mayen (SUM)*. JD vil også med behov kunne invitere Cyberforsvaret Samfunnet Jan Mayen til eit felles møte med Statsforvaltaren i Nordland.

Politimeisteren i Nordland

Stasjonssjefen er tildelt avgrensa politimynde på Jan Mayen jf. instruks av 5. april 2011.

3. utfordringar, moglegheiter og prioriteringar

Verksemda på Jan Mayen gir viktige bidrag til norsk nordområdepolitikk på fleire område, bl.a. innan meteorologi- og kommunikasjonstenester. Delar av verksemda på Jan Mayen er direkte knytt til oppfølging av internasjonale forpliktingar, som drift av bakkestasjonar for satellittnavigasjonsprogramma til EU, Galileo og Egnos, i tillegg til ein seismisk målestasjon for overvaking av prøvestansavtalen.

Bygga på Jan Mayen er utdatert og har behov for utskifting. Bygga vart sett opp i 1960, med ei levetid rekna til ti år. Eit arbeid med å greie ut eit eventuelt nytt hovudbygg på Jan Mayen er i gang.

Det er eit mål at Samfunnet Jan Mayen, innanfor eksisterande ramme, tar igjen etterslepet på vedlikehald av bygg, blant dei kulturminne, faste installasjonar, maskinpark, veg og flyplass. Grad av vedlikehald må samtidig sjåast i lys av antatt levetid.

Meld. St. 14 (2020–2021) Perspektivmeldingen 2021 understrekar at offentlege tenester må effektiviserast og utviklast i takt med at samfunnet endrar seg. Petroleumsnæringa vil i tida framover ikkje lenger vere vekstmotor i norsk økonomi. Samtidig står vi overfor ein betydeleg auke i utgifter til pensjon og eldreomsorg. Handlingsrommet i statsbudsjettet vil derfor bli trongare. Teknologisk utvikling i høgt tempo gir likevel nye moglegheiter for å jobbe smartare, førebyggje kostnadsdrivande hendingar og effektivisere offentlege tenester.

4. Mål og oppdrag for 2022

4.1. Mål og resultatforventingar for 2022

VERKSEMDSMÅL 1:	Norsk nærvær på Jan Mayen
Rapportering:	Tertialvis
Nærmare omtale: JD overtok ansvaret for Samfunnet Jan Mayen 1. januar 2021. JD og Samfunnet Jan Mayen- Cyberforsvaret skal i samarbeid med Forsvarsdepartementet utvikle samhandlinga seg i mellom og opp mot andre aktørar som Statsforvaltaren i Nordland, Politimeisteren i Nordland, Forsvarsbygg og andre aktørar som har ansvar for eller har aktivitet på Jan Mayen.	

RAPPORTERINGSKRAV: 1.1	Samhandling med andre statlege aktørar
Rapportering:	Tertialvis
Nærmare omtale: Vi ber om ei rapportering på samhandlinga (ut over kontraktsoppfølging) Samfunnet Jan Mayen har med Statsforvalteren i Nordland, Politimeisteren i Nordland, Forsvarsbygg og andre aktører som har ansvar for eller har aktivitet på Jan Mayen.	

RAPPORTERINGSKRAV: 1.2	Rapportering til Politimesteren i Nordland.
Rapportering:	Tertialvis. Rapportering inngår i tertial- og årsrapporter og blir vidaresendt frå JD til politiet.
<p>Nærmare omtale: Det skal rapporterast på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Politimessige føyingar <ul style="list-style-type: none"> ○ Forvaltning av regelverk og kartlegging • Kontakt med kystvakta • Kontakt med fartøy og fly, norske og utanlandske • Kontakt med utealandske statsborgarar • Brann og sanitetsøvingar • Nettverkskapasitet. • Seismisk aktivitet • Helsestatus 	

RAPPORTERINGSKRAV: 1.3	Rapportering til Statsforvaltaren i Nordland
Rapportering:	Tertialvis. Rapportering inngår i tertial- og årsrapporter og blir vidaresendt frå JD til Statsforvalteren i Nordland
<p>Nærmare omtale: Det skal rapporterast på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Flora • Fauna • Erosjon • Seismisk aktivitet • Ferdsel og anløp <ul style="list-style-type: none"> ○ Fly ○ Fartøy ○ Ferdsel ○ Bil og kjørespor • Redningskapasitet og sikkerheit • Kulturminneforvaltning • Bygningar, anleggsdrift og infrastruktur 	

- Bygninga på stasjon Jan Mayen
- Hytter
- Anleggsaktivitet
- Forsking
- Miljøvern

RAPPORTERINGSKRAV: 1.3	Rapportering på konsulentbruk
Rapportering:	Årsrapport
<p>Nærmare omtale: Arbeidet med å effektivisere utgjer ein integrert del av den ordinere styringsdialogen mellom departement og verksemd, og følger dei allmenne prinsippa for styring i staten. I 2022 skal Samfunnet Jan Mayen arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje bli nytta.</p>	

STATISTIKK:	<ul style="list-style-type: none"> • Tal på registrerte besøkande til Jan Mayen, nasjonalitet • Tal på landingar med fly
Rapportering:	Tertialvis

VERKSEMDSMÅL 2:	God forvaltning av bygg, faste installasjonar og anna utstyr som Samfunnet Jan Mayen har ansvaret for
Rapportering:	Tertialvis
<p>Nærmare omtale: Bygga på Jan Mayen er utdatert og har behov for utskifting. Hovudbygget vart sett opp i 1960, med ei levetid rekna til ti år. Eit arbeid med å greie ut eit eventuelt nytt hovudbygg på Jan Mayen er i gang.</p>	

Samfunnet Jan Mayen må sikre eksisterande bygg. Vedlikehald må skje i lys av forventa levetid og brukstid. Det vil seie at hovudbygget må sikrast fram til nytt hovudbygg er på plass. For andre bygg, installasjonar, maskinar og kjøretøy skal Samfunnet Jan Mayen ha ei effektiv og langsiktig forvaltning.

OPPDRAG 1.1:	Følgje opp eventuelle pålegg frå Statsforvaltaren i Nordland om dieseltankar på Jan Mayen, etter å ha konsultert med JD
Rapportering:	Tertialvis
Nærare omtale: Statsforvaltaren i Nordland har sendt brev til JD om utfordringar knytt til dieseltankar på Jan Mayen. Statsforvaltaren har i første omgang bedt om avklaring av ansvarsforhold. Samfunnet Jan Mayen må rekne med at det i 2022 vil måtte bli sett av ressursar til oppfølging av denne saka.	

VERKSEMDSMÅL 3:	Gode tenester til tredjepart etter kontrakt
Rapportering:	Tertialvis
Nærmare omtale: Drift av Samfunnet Jan Mayen skjer i stor grad gjennom samhandling med andre aktørar. Samfunnet Jan Mayen både kjøper tenester og utfører tenester for andre aktørar. Det er viktig med god kontraktsoppfølging, både der Samfunnet Jan Mayen kjøper tenester og der Samfunnet Jan Mayen utfører tenester.	

5. Styring og kontroll i Samfunnet Jan Mayen

Internkontrollansvaret til leiaren av verksemda er regulert i *Reglement for økonomistyring i staten* § 14. For å nå måla for Samfunnet Jan Mayen i møte med framtidige utfordringar, er tilfredsstillande internkontroll viktig. God internkontroll kan førebyggje, avdekkje og korrigere eventuelle vesentlege avvik.

Som nemnt i kapittel 3, må statlege verksemdar framover forvente strammare budsjett. Dette vil føre til krevjande prioriteringar også for verksemdene i justissektoren. Langsiktig planlegging, systematisk kunnskapsarbeid og god balanse mellom drift og utvikling vil bli endå viktigare framover. Samfunnet Jan Mayen skal arbeide kontinuerleg for å effektivisere oppgåveløysinga, med særleg merksemd retta mot digitalisering av arbeidsprosessar og tenester.

Vurdering av utfordringar og moglegheiter knytte til samfunnsoppdraget	
OPPDRAG 4.1:	Samfunnet Jan Mayen skal, i forkant av årsrapporten, gjere ei overordna, strategisk vurdering av hovudutfordringar og moglegheiter knytte til samfunnsoppdraget i eit femårig perspektiv. Vurderinga bør ta utgangspunkt i generelle utviklingstrekk i samfunnet (sikkerheitspolitisk utvikling, klimaendringar, demografisk utvikling, teknologisk utvikling m.m.), som kan påverke måloppnåinga til verksemda negativt eller positivt på lengre sikt. Vurderinga skal danne grunnlag for kapittel fem i årsrapporten.
Rapportering:	Det blir ikkje kravd at vurderingane skal sendast til departementet, men resultatet av vurderinga skal utgjere eit grunnlag for kapittel fem i årsrapporten. Dette skal gi departementet viktig informasjon i den langsiktige sektorstyringa.
Nærmare omtale: Dette oppdraget tek utgangspunkt i at JD ønskjer å styrke arbeidet med den langsiktige utviklinga og styringa i justissektoren.	

6. Fellesføringar og øvrige krav frå regjeringa

6.1. Konsulentbruk i staten

Arbeidet med å effektivisere utgjer ein integrert del av den ordinere styringsdialogen mellom departement og verksemda, og følger dei allmenne prinsippa for styring i staten. I 2022 skal Samfunnet Jan Mayen arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje bli nytta. Samfunnet Jan Mayen skal rapportere om konsulentbruken i årsrapporten for 2022.

7. Styringsdialog og rapportering i 2022

7.1. Styringsdialog 2022

Tidspunkta for etatsstyringsmøte vil framgå av styringskalenderen for 2022.

Dato	Milepæl
22. februar 2022	Årsrapport til departementet
17. mars 2022	Styringsmøte
7. juni 2022	Første tertialrapport til departementet
20. juni 2022	Styringsmøte
7. oktober 2022	Andre tertialrapport til departementet
31. oktober 2022	Styringsmøte
22. februar 2023	Årsrapport til departementet

7.2. Rapportering 2022

Styringsdialogen mellom Samfunnet Jan Mayen og JD er innretta etter risiko og viktighet. Risikoperspektivet skal også integrerast i rapporteringa frå verksemda.

Samfunnet Jan Mayen sin årsrapport for 2022 utgjer ein del av grunnlaget for rapporteringa til JD til Stortinget om oppnådde resultat for budsjettåret 2022.

Årsrapporten skal sendast over til departementet innan 22. februar 2023 og skal følgje krava i Bestemmelser om økonomistyring i staten punkt 1.6.1. Vi viser også til DFØ sin rettleiar for årsrapportering på nettsidene til DFØ. [Årsrapport - DFØ \(dfo.no\)](https://dfo.no)

8. Budsjettramma og fullmakter for 2022

8.1. Budsjettramma

På bakgrunn av Stortingets budsjettvedtak 15. desember 2021 blir følgjande midlar stilt til disposisjon for Samfunnet Jan Mayen i 2022. Tildelinga tar opp i seg lønns- og prisjustering.

Utgifter

(i 1000 kroner)

Kap. 481	Samfunnet Jan Mayen	
Post 01	Driftsutgifter	57 103
Sum		57 103

Inntekter

Kap. 3481

Post 01	Refusjonar og andre inntekter	6 637
Sum		6 637

Kap. 481 Samfunnet Jan Mayen post 01 Driftsutgifter

Samfunnet Jan Mayen omfattar all felles infrastruktur på øya og personellet som driv denne. Samfunnet yter i dag tenester til Meteorologisk institutt, bakkestasjonane for EGNOS og Galileo, Telenor Maritim Radio og seismiske stasjonar.

Samferdselsdepartementet har hatt avtaler med dei institusjonane som har ansvaret for desse tenestene. Avtalene omfattar mellom anna arbeidsoppgåver som skal utførast av personellet på øya og inndecking av fellesutgifter. Løyvinga skal dekke utgiftene til drifta av fellesfunksjonane på Jan Mayen.

Kap. 3481 Samfunnet Jan Mayen Post 01 Refusjonar og andre inntekter

Inntektsposten omfattar refusjonar for delar av fellesutgiftene knytte til Samfunnet Jan Mayen. Desse blir betalte av Meteorologisk Institutt, Kongsberg Satellite Services AS, Telenor Maritim Radio og andre som kjøper tenester på Jan Mayen. Inntekter frå kioskdrifta på Jan Mayen blir òg førte på denne posten.

Samfunnet Jan Mayen har i 2022 fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 481 post 01 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3481 post 07.

8.2. Delegering av fullmakter i samsvar med budsjettvedtaket til Stortinget

Vi viser til Innst. 7 (2021–2022), romartalsvedtak II Meirinntektsfullmakter. Følgjande fullmakt blir delegerte til Samfunnet Jan Mayen:

- Samfunnet Jan Mayen får i 2022 fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 481 post 01 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3481 post 07.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tatt med i utrekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

8.3. Delegering av fullmakter i samsvar med løyvingsreglementet til Stortinget

I løyvingsreglementet har Kongen ein del fullmakter til å gjere unntak frå eller utfylle avgjerdene til løyvingsreglementet. I rundskriv R-110 gir Finansdepartementet departementa fullmakter til å gjere unntak frå enkelte av hovudprinsippa i løyvingsreglementet. I tillegg blir det gjort greie for fullmakter som ikkje blir delegerte til departementa, men som opnar for at departementa kan søke om samtykke frå Finansdepartementet i enkeltsaker.

Delegert mynde skal alltid utøvast i samsvar med gjeldande lover og reglar, gitte retningslinjer og intensjonar for korleis fullmaktene skal brukast.

Det blir vist til rettleiaren i statleg budsjettarbeid der m.a. bruk av unntaksavgjerder i løyvingsreglementet (budsjettfullmakter) er omtalte.

Paragrafane i parentes i punkta under refererer til paragrafane i løyvingsreglementet.

8.4. Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr (§ 3 fjerde ledd 2. setning)

Hovudregelen i løyvingsreglementet er at alle utgifter og inntekter blir brutto førte i budsjett og løyvingsrekneskap. Det er likevel gitt eit unntak som tillèt nettoføring i samband med utskifting av utstyr. Med dette får Samfunnet Jan Mayen fullmakt til nettoføring ved utskifting av utstyr på følgjande vilkår:

- a) Inntekter frå sal av brukt utstyr kan nettoførast på post 01 Driftsutgifter med inntil 5 prosent av løyvinga på den aktuelle posten.
- b) Salsinntektene må skrive seg frå utskiftingar som er ledd i ei rutinemessig fornying av utstyr. I praksis vil dette gjelde inntekter frå sal av utstyr som er av ein slik art at det ved innkjøpet skal dekkast under post 01 Driftsutgifter. Inntekter frå sal av utstyr som etter arten sin skal dekkast under post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, må bruttoførast på vanleg måte.
- c) Salsinntektene skal bokførast som ei inntekt i kontoklasse 3 i standard kontoplan (jf. Finansdepartementets) og rapporterast til løyvingsrekneskapen på post 01 Driftsutgifter (jf. Finansdepartementets rundskriv). Føringa må gjerast slik at det er mogleg å kontrollere at grensa på fem prosent ikkje blir overskriden.

8.5. Fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret (§ 6 anna ledd)

Hovudregelen i løyvingsreglementet er at staten berre kan pådragast forpliktingar som først skal dekkast etter utløpet av budsjettåret når Stortinget har gitt særleg samtykke til dette. Med dette blir likevel Samfunnet Jan Mayen gitt fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover i budsjettåret på følgjande vilkår, og med dei avgrensingane som følgjer i teksten under:

- a) Leigeavtalane og avtalane om kjøp av tenester må gjelde innkjøp til den ordinære drifta av statlege verksemdar. Kva typar innkjøp det her dreier seg om, kan variere med oppgåvene for verksemda, men alminnelege døme vil vere leige av lokale og kontorutstyr, og dessutan kjøp av reinhalds- og vaktmeisterstenester.
- b) Utgiftene i samband med avtalane må kunne dekkast innanfor eit uendra løyvingsnivå på vedkommande budsjettpost i heile avtaleperioden.
- c) For alle avtalar utover budsjettåret må behovet for oppseiingsklausular vurderast nøye. Omsynet til den framtidige handlefridomen skal vege tungt ved vurderinga. Særleg gjeld dette ved langsiktige avtalar.

Vi viser også til løyvingsreglementet § 10 første ledd, der det m.a. blir kravd at utgiftsløyvingar skal disponerast på ein slik måte at ressursbruk og verkemiddel er effektive med omsyn til dei føresette resultatata og tilsvarande krav i økonomireglementet §

4. På dette området inneber desse avgjerdene eit krav til både å vurdere moglege alternativ til leige og kjøp av tenester, og til utforminga av vilkåra i eventuelle avtalar om leige og kjøp av tenester.

Det blir understreka at avgjerdene berre gjeld løyve til å pådra forpliktingar utover budsjettåret.

8.6. Særskilt om byggje- og leigekontraktar

I *Instruks om håndtering av bygge- og leiesaker i statlig sivil sektor*, fastsett i kongeleg resolusjon den 13. januar 2017, blir det gitt eit samla oversyn over ansvarsforholda, fullmaktene og krava til saksbehandling ved nyskaffing av lokale.

8.7. Fullmakt til å overskride investeringsløyvingar mot tilsvarande innsparing under driftsløyvingar under same budsjettkapittel (§ 11 fjerde ledd nr. 2)

Det følgjer av hovudregelen i løyvingsreglementet § 5 anna ledd første setning at det ikkje er tillate å omdisponere eit løyvd utgiftsbeløp frå ein post til ein annan.

Løyvingsreglementet § 11 fjerde ledd nr. 2 inneheld likevel eit unntak ved at Kongen kan gi føresegner om overskriving av investeringsløyvingar mot tilsvarande innsparing under driftsløyvingar under same budsjettkapittel.

Samfunnet Jan Mayen blir gitt fullmakt til å omdisponere frå driftsløyvingar til investeringsløyvingar på følgjande vilkår:

- a) Det kan omdisponerast inntil 5 prosent av løyvinga under post 01 Driftsutgifter til post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, under same kapittel.
- b) Omdisponeringa må ikkje føra til auka utgifter ved at ho bind opp framtidige drifts- og investeringsutgifter.

Beløp som er omdisponert frå post 01 Driftsutgifter, kan takast med ved utrekninga av beløpet som kan overførast, under post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald.

8.8. Fullmakt til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål mot tilsvarande innsparing i dei tre følgjande budsjettåra (§ 11 fjerde ledd nr. 3)

Hovudregelen i løyvingsreglementet § 5 anna ledd første setning er at det ikkje er tillate å overskride ei utgiftsløyving. Ifølgje § 11 fjerde ledd nr. 3 i løyvingsreglementet er det tillate å overskride driftsløyvingar til investeringsformål med inntil 5 pst. mot tilsvarande

innsparing i løpet av dei tre følgjande budsjetterminane. Som ei prøveordning har Stortinget for perioden 2021–2022 utvida innsparingsperioden til fem år.

Finansdepartementet har fastsett nærmare retningslinjer og føresetnader for tilgangen til å overskride driftsløyvingar til investeringsformål. Det blir vist til rundskriv R-110 punkt 2.6.

Samfunnet Jan Mayen må i kvart enkelt tilfelle sende søknad til JD om slikt samtykke før løyvinga kan overskridast.

8.9. Overføring av ubrukt driftsløyving frå eitt år til neste (§ 5)

Det er som hovudregel ikkje tillate å overskride eit tildelt beløp, eller overføre det til ein annan budsjettermin eller til ein annan budsjettpost i same termin.

Det er likevel gitt eit unntak ved at inntil 5 pst. av ubrukt driftsløyving under post 01 kan overførast til neste budsjettår.

Søknad om slik overføring skal godkjennast av Finansdepartementet. Samfunnet Jan Mayen sender søknad til JD i samband med rekneskapsrapporten per 31. desember. Eventuelt overført beløp kan ikkje disponerast av Samfunnet Jan Mayen før departementet gir beskjed om det gjennom tillegg til tildelingsbrev.